

## PROSJEKTOMTALE

### LANDSBYEN SOM BLEI BORTE – ei bok om klyngetunet

av journalist Eva Røyrane og fotograf Oddleiv Apneseth

*Denne boka vil fortelja historia om det landsbyliknande tunet, dokumentera attståande klyngetun og inspirera til tett og berekraftig bustadbygging av i dag.*

Mange kjenner til klyngetuna på Aga og på Havrå. Desse er dei største og mest komplette av dei attståande fellestuna her i landet. Men det finst også mange andre. Me vil oppsøkja eit utval av desse, visa dagens tun og fortelja om byggeskikken, hopehavet og levemåten som rådde før jordreformene løyste opp dei fleste fellestuna mellom 1850 og 1920.

Langs kysten, vestom Langfjella, var det små og større fellestun i dei fleste bygder, også inst i fjordane og på Voss. Der terrenget inviterte til det, blei tuna lagde i rekkje i staden for i klynge. Elles i landet var andre tunformer meir vanlege.

Me skal oppsøkja attståande tun frå Lista i sør til Troms i nord. Men det var spesielt tett med fellestun i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dette vil visa at i boka der spesielt Hordaland vil få breia seg med Aga og Havrå, sju andre klyngetun i Ullensvang og t.d. Hallanger i Ulvik, Ystås i Granvin, Mølster på Voss og Isdal i Lindås.

Tuna som skal omtalast er ulike, ikkje berre fordi dei ligg i ulike område med ulik byggeskikk. Nokre er busette, med og utan aktiv gardsdrift, fleire er museum, somme er fråflytta. Havrå skil seg ut med gardsdrift på gammelmaßen.

Prosjektet vårt er unikt. Den norske landsbyen er ikkje tidlegare breitt dokumentert på denne måten. Me meiner historia om klyngetuna er viktig kulturhistorie og vesentleg landsdelshistorie. Det er ikkje så lenge sidan desse tuna fanst i hopetal, men dette er likevel ein del av historia vår som få har særleg kjennskap til i dag.

Ved å laga denne boka vil me formidla kunnskap som kanskje kan også kan vera til inspirasjon og nytte for dagens samfunnsplanleggjarar.

Me vil sjå etter døme på at klyngetunet har inspirert arkitektar og andre i nyare tid, og snakka med aktuelle aktørar om klyngetunet som model for tett og berekraftig samfunnsbygging.

Det kjem til å bli ei staseleg bok der Oddleiv Apneseth sine nye bilder blir supplerte med historiske bilder, teikningar og dekorative utskiftingskart. Forlaget Skald vil gje ut boka hausten 2018 om alt går etter planen og me får den økonomiske støtta som trengst for å realisera prosjektet.

Reisene til klyngetuna skal gjennomførast i sommarhalvåret 2017 og våren 2018.

Me to har fleire større bokprosjekt bak oss. I 2014 kom *Norges låver*. Hausten 2017 gir Skald ut *Stein på Stein*, ei bok om steinarkitektur, først og fremst om området mellom Bergen og Sognefjorden.